



TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 53437020

UGGDAL, 01.03.2017

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
17/143-2	1421/17	022	TK//STDAL	

FRAMLEGG TIL REVIDERTE VEDTEKTER

§ 1 Mandat, føremål og oppgaver

1.1 Ungdomsrådet i Tysnes er eit demokratisk vald organ med oppgåve å ivareta interessene og synspunkta til ungdommane i kommunen. Tysnes ungdomsråd skal vera ungdommane sitt eige rådsorgan og vera politisk nøytralt.

1.2 Føremål

- Å ta opp barn og unge sine interesser i kommunen
- *Å vere orientert om og vera rådsorgan i alle saker som vedkjem dei unge.*
- ~~Å vera orientert om alle saker i kommunen~~
- ~~Å vera rådsorgan i saker som vedkjem dei unge~~
- Skapa identitet til kommunen
- Stimulera til medbestemming og deltaking blant ungdom

1.3 Tysnes ungdomsråd sine oppgaver er m.a.

- Å skapa treffplassar for ungdom
- Å arbeida for arrangement og aktivitetar som vedkjem ungdom
- Fordela midlar til tiltak for ungdom etter søknad
- Koma med innspel til kommuneplan og arealplan

§ 2 Funksjonstid og samansetjing

2.1 Valperiode

- Ungdomsrådet vert valt for eitt kalenderår.
- Representantane vert valde for 2 år, med val ein gang i året.
- Nyval innan 30. september. For å skapa kontinuitet vert 4 representantar skifta ut etter første periode. Dette vert gjort ved loddtrekning.

2.2 Samansetjing

- Til ungdomsrådet skal det veljast representantar og vararepresentantar i alderen 13 – 19 år. Dette inneber at ungdom er valbar til dei er 19 år og kan vera medlem i styret til fylte 21 år.
- Tilsaman skal det veljast 9 representantar, 5 representantar frå ungdomsskulen og 4 representantar frå vidaregåande/lærlingar. *I tillegg vert valt 2 vararepresentantar.*
- Tysnes ungdomsråd står fritt til å oppnemna personar til arbeidsgrupper ved arrangement og andre aktivitetar for ungdom. Minst ein representant frå ungdomsrådet må vera med i gruppa.

2.3 Konstituering og sekretariat

- Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv, dvs at leiar og nestleiar vert valde av og blant dei unge.
- Sekretærfunksjonane vert lagt til den vaksne kontaktpersonen frå kommunen.

2.4 Uttalerett

- *Ungdomsrådet har rett til å gje skrifteleg uttale i alle saker som fell under rådet sitt mandat, føremål og oppgåver.*
- *Ungdomsrådet kan gjennom å varsle ordføraren, eller utvalsleiar, seinast ein dag før det aktuelle møte verta gjeve rett til å framføra uttale føre kommunestyre eller utval.*
- ~~Leiar eller 2 representantar har talerett og forslagsrett i formannskap, kommunestyre og andre utval.~~
- Ordførar, rådmann og kommunekontaktperson har møte, tale og forslagsrett i ungdomsrådet.

§ 3 Møteverksemd

3.1 Møte

- Ungdomsrådet skal ha minst 2 møte i året og ha opne møte etter behov.

3.2 Referat

- Det skal først referat frå ungdområdet sine møte av *valt skrivar eller sekretær/kontaktperson*.

3.3 Sakskunnskap

- Ungdområdet kan invitera politikarar og administrasjon til rådsmøte for å få stilla spørsmål, diskutera ei sak og få orientering.
- Tysnes ungdomsråd skal ikkje handsama saker der delar av saksmaterialet er verna av teieplikt.

§ 4 Dagsorden

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av dagsorden
4. Stausrapport økonomi
5. Handsaming av sakliste
6. Ymse

§ 5 Val og opplæring

5.1 Val

- Val av representanter skal skje med val av 5 representantar frå ungdomsskulen og 4 representantar frå vidaregåande/lærlingar innan 30. september.

5.2 Opplæring

- Opplæring i ungdområdet sin funksjon skal skje i regi av skulen og/eller administrasjonen.

§ 6 Kontaktperson

6.1 Funksjonstid

- Kontaktperson/sekretær *frå administrasjonen* vert peika ut av ~~kommunestyret~~ rådmannen.

§ 7 Evaluering av vedtektene

- Vedtektene skal takast opp til vurdering av Tysnes ungdomsråd minst annakvart år og eventuelle endringar skal godkjennast av kommunestyret.